

ÅRSMELDING

for Rasdalen grendalag

2009/2010

Innleiing

Årsmøtet for 2008/09 vart avvikla i grendahuset 09.04.09. På dette årsmøtet vart det vedteke at det sitjande styret skulle halda fram i eitt år til.

Styret har då vore samansett slik :

Leiar : Terje Rasdal

Styremedlemmer : Ingfrid Rasdal, Arild Skjelbred, Frøydis Eide og Jan Rasdal

Varamedlemmer : Frode Tufte, Paal Rasdal

Revisor : Bergljot Tufte

Valnemd : Jan Olav Larsen (1 år), Geir Rasdal (2 år)

Møteverksemd

Også dette året har det vorte halde to styremøte i grendalaget. Det første møtet hadde me som vanleg i mai, med dato **21.05**.

Det andre styremøtet gjekk av stabelen **10.10.**, begge møta med 8-10 saker på saklista.

Årsmeldinga vil vidare setja fokus på eit utsnitt av dei sakene det siste året som me i styret synest er viktige for grendalaget - og som kan ha interesse for alle medlemmene.

Informasjon

Som tidlegare nemd i årsmeldingane, er det berre å logga seg inn på Rasdalssidene, www.rasdalen.no, som Arild er ansvarleg for. Når han er oppe i dalen, vert det lagt ut bilete og annan nyttig informasjon – til glede

for alle dei som er interesserte i Rasdalen. Han får også til tider bilete og informasjon (sms) frå andre informantar, og dette er han interessert i at det kan verta meir av.

Grendalaget har også eigne sider her, og dei håpar me folk også er inne og ser på. For tida er det 13 ulike skriv å studera når du klikkar deg inn på "grendalaget". Denne årsmeldinga vert også lagd ut på dei same sidene etter at ho er godkjend av årsmøtet. Viktig informasjon vert også kunngjort som oppslag rundt omkring.

Saker det har vore arbeidd med

*** Dugnad 30.05.09**

Denne dugnaden gjekk i hovudsak på vasking og rydding innvendig og rydding utvendig. Etter kvart vart det ein god del folk som kom og tok eit tak denne dagen, det var minst 15 personar på det meste. Fellesmåltid hadde me sjølvsagt også.

*** Eigedomsskatt**

Sommaren 2009 var her folk frå kommunen som føretok ei oppmåling av grendahuset. Men då grendalaget fekk faktaopplysningane om eigedommen, viste det seg at det var mykje som var feil. Nokre medlemmer i styret føretok då ei oppmåling i oktober 09, slik at kommunen no har riktige opplysningar i høve til arealet i alle tre høgdenene. Til orientering er grendahuset friteke frå eigedomsskatt. I samband med denne oppmålinga har styret justert forsikringsavtalen, slik at også vass-skade er inkludert der.

*** Sommarfesten 2009**

Festkomitéen hadde som vanleg laga ei grei ramme rundt denne festen. Også denne gongen var det laga til koldtbord – i tillegg til allsong, åresal – og ikkje minst : tid til at folk fekk preika i lag. Aktivitetane var godt fordelte, og det såg ut til at folk treivst og kosa seg. Me er opne for innspel om nye aktivitetar, og at at folk med "nytt og friskt" blod berre må melda seg til teneste. Inntektene på denne festen er viktige for grendalaget, og i fjor fekk me inn godt over 7.000 kr på inngangsbillettar og åresal. Tradisjonen med sommarfest er også viktig med tanke på samhald og sosialt engasjement i dalen.

*** Kjøkkenet**

Dette at kjøkkenet kom på plass var nok den største og viktigaste hendinga for grendalaget i 2009. Med god dugnadshjelp vart kjøkkenet ferdigstilt i juni, slik at det var klart til å takast i bruk til eit arrangement like før jonsok. Litt småarbeid er det riktignok igjen, men det viktigaste er at me no har fått eit funksjonelt og greitt kjøkken.

*** Påskebasaren**

Basaren på påskeaftan er framleis den viktigaste økonomiske "mjølkekua" for Rasdalen grendalag. Basarkomiteén har rutine og ansiennitet, og styret er også takksam for at folk er så flinke til å stilla opp og gje gevinstar til åresalet.

*** Økonomien til grendalaget**

Som det er skriva i dei siste årsmeldingane, så meiner styret at me har hatt bra kontroll og styring med økonomien over fleire år. Dette har medført at det har vore lettare for styret å driva og å halda oppe aktiviteten i grendalaget. Investeringane i nytt kjøkken kosta ein del, og så har me også våre faste utgifter som t.d. straum og forsikring. Rett før påske står det ca 10.500 kr på kontoen vår, og om to dagar kjem påskebasaren med forhåpentlegvis nye inntekter. Styret kjem også på årsmøtet med framlegg om ein auke i medlemskontingenten, og det er også sett opp framlegg til utleigesatsar for grendahuset.

Vurdering av arbeidsåret og vegen vidare

Også i dette året har det vore ein god del aktivitet i grendalaget, med nytt kjøkken som høgdepunkt. Det har vore ein del saker å arbeida med gjennom denne perioden, og me kan konkludera med at det har vore eit ganske godt arbeidsår. Styret har fungert uendra i ganske mange år, og då har me fått kontinuitet i arbeidet vårt. Men det er også viktig at me tenkjer på rekruttering, så då vert det etter kvart viktig å sleppa til nye og yngre krefter i styret.

Sjølv om me synest at det har skjedd ein del i løpet av dei siste åra, så gjenstår det framleis mykje. Det å støtta opp om, vedlikehalda - og også

utbetra - grendahuset krev både innsats og innsikt, og me er avhengige av at folk stiller opp og gjev ei hand. Difor vil styret avslutningsvis takka for alt arbeid og all innsats opp gjennom åra, og me håpar også på god hjelp i det vidare arbeidet.

For styret i Rasdalen grendalag

Terje Rasdal
leiar

24.03.10